



MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Teknisk utval
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 13.05.2015
Tid: 09:00 – 13:25

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Tor Meinseth	Leiar	H
Alf Johan Antonsen	Nestleiar	FRP
Aase Ulla	Medlem	V
Oddvar Gjerde	Medlem	SP
Magne Gurskevik	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Silja Øvrelid	MEDL	AP
Kari Warholm	MEDL	H

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Steven P. Karunasamy	Kari Warholm	H

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Arne Runar Vik	Kommunalsjef teknisk
Anita Sundnes	Leiar for plan- og bygningsavdelinga
Peder Arne Almedal	Avd.ingeniør
Anne Kathrine Løberg	Landbrukssjef
Bjørg Haugland	Sekretær

Permisjonar/Ugildskap

Ingen

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 15/38	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 15/39	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 15/40	MELDINGSSAKER	
RS 15/18	VEDR. PÅLEGG OM RETTING	2012/945
RS 15/19	DIMNEVÅG SMÅBÅTHAMN. ORIENTERING OM VIDARE SAKSGANG.	2013/914
RS 15/20	TRAFIKKSITUASJONEN VED ULSTEIN VGS	2014/830
RS 15/21	KOMMUNALE OG FYLKESKOMMUNALE REGLEMENT OM FOLKEVALDES TEIEPLIKT VED LUKKING AV MØTE	2015/112
RS 15/22	REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 9 - KOMMUNEREFORMA	2010/453
RS 15/23	REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 10	2010/453
RS 15/24	REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 11 - NY KOMMUNESTRUKTUR	2010/453
RS 15/25	NY KOMMUNESTRUKTUR - REFERAT FRÅ PROSJEKTGRUPPEMØTE 12	2010/453
RS 15/26	DELEGERTE VEDTAK TEKNISK ETAT 27.03. - 24.04.2015	2015/50
PS 15/41	SØKNAD OM DELING AV GNR 32 BNR 2 - HANDSAMING ETTER JORDLOVA	2015/118
PS 15/42	GNR. 4, BNR. 3 -RUNE FJØRTOFT - SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM - DISP.	2015/246
PS 15/43	GNR. 9, BNR. 19, MARIANNE SOLØY - GARASJE SAMT TERRASSE - KLAGE PÅ VEDTAK OM PÅLEGG OG SØKNAD OM STØTTEMUR OG ENDRING AV AVKØYRSLE	2010/389
PS 15/44	GNR. 9, BNR. 19 - GARASJE SAMT TERRASSE - KLAGE PÅ VEDTAK	2010/389
PS 15/45	GNR. 11, BNR. 13- KNUT HOLSTAD - TILBYGG HYTTE, DISPENSASJON INNLAGT VATN OG SIRKEL	2014/803
PS 15/46	GNR. 7, BNR. 144 - EVALDAS STANEVICIUS - PÅBYGG EKSTRA ETASJE, INNGANG OG TERRASSE - NY HANDSAMING	2014/483
PS 15/47	MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN - HADDAL INDUSTRIOMRÅDE	2015/250
PS 15/48	DETALJREGULERING VOLLANE. VEDRØRANDE ARKEOLOGISK REGISTRERING	2011/815
PS 15/49	FORSKRIFT OM RETT TIL Å FØRE TILSYM MED BYGG, OMRÅDE M.M. I ULSTEIN KOMMUNE	2015/233
PS 15/50	INNSPEL TIL ARBEIDET MED NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018 - 2027	2011/861
PS 15/51	EVALUERING AV POLITISKE REGLEMENT	2008/868
PS 15/52	ÅRSRAPPORT 2014	2015/144

Eventuelt

Spørsmål frå Magne Gurskevik:

Er det mogleg å rydde opp i forsøpling der det er ulovleg med slik dumping, t.d. ved Selvågtnellen?

Kommunalsjef teknisk svara at det er eit kommunalt ansvar å syte for opprydding så lenge ein ikkje finn ut kven som står bak forsøplinga. SSR kan leigast til å utføre opprydding. Det finst ikkje budsjettmidlar til slike tiltak, så finansiering må i så tilfelle hentast frå andre budsjettpostar.

Spørsmål frå Oddvar Gjerde:

1. Trafikktryggingstiltak ved Hasundkrysset.

Biltrafikken på vegstrekninga frå rundkøyringa på Strandabøen til den nye rundkøyringa på Garnes har auka sterkt etter at bompengane gjennom Eiksundtunnelen vart fjerna. Tidleg på morgonen og etter arbeidstid er det mykje trafikk på denne vegen.

For kort tid sidan skjedde det ei ny ulykke i Hasundkrysset. Denne gangen gjekk det bra med dei som var involvert i ulykka, men neste gang kan det gå mykje verre.

Å få utbetre dette farlege Hasundkrysset vil ta lang tid ifølgje Statens Vegvesen. Eit strakstiltak vil vere å forlenge 60 km fartsgrensa frå Strandabøen og forbi Hasundkrysset. Ønskjer at denne saka tatt opp som sak på nytt i teknisk utval.

2. Skade av brufundament til brua i Indre Haddal.

Ser at det er lagt asfalt opp på vegbana som avbøtande tiltak.

Det som duger her er vel å utbetre skaden.

Svar frå kommunalsjef teknisk:

1. Sak til neste møte i TU.
2. Dette er under oppsikt, jf. bruinspeksjon årleg.

Ulsteinvik, 13.05.2015

Tor Meinseth
leiar

Björg Haugland
møtesekretær

Aase Ulla

Magne Gurskevik

PS 15/38 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tillegg av sak PS 15/52.

PS 15/39 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Protokollen frå møte 25.03.2015 vart godkjent.

PS 15/40 MELDINGSSAKER

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Meldingssakene vart teke til vitande.

RS 15/18 VEDR. PÅLEGG OM RETTING

RS 15/19 DIMNEVÅG SMÅBÅTHAMN. ORIENTERING OM VIDARE SAKSGANG.

RS 15/20 TRAFIKKSITUASJONEN VED ULSTEIN VGS

RS 15/21 KOMMUNALE OG FYLKESKOMMUNALE REGLEMENT OM FOLKEVALDES
TEIEPLIKT VED LUKKING AV MØTE

RS 15/22 REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 9 - KOMMUNEREFORMA

RS 15/23 REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 10

RS 15/24 REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 11 - NY KOMMUNESTRUKTUR

RS 15/25 NY KOMMUNESTRUKTUR - REFERAT FRÅ PROSJEKTGRUPPEMØTE 12

RS 15/26 DELEGERTE VEDTAK TEKNISK ETAT 27.03. - 24.04.2015

PS 15/41 SØKNAD OM DELING AV GNR 32 BNR 2 - HANDSAMING ETTER JORDLOVA

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Teknisk utval viser til jordlova §12 og gir løyve til å dele frå areala på gnr. 32 bnr. 2 slik det er søkt om.

Grunngjeving:

Delinga vil føre til ein tenleg og variert bruksstruktur. Arealressursane vert teke i vare og delinga fører til driftsmessige gode løysingar.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/42 GNR. 4, BNR. 3 -RUNE FJØRTOFT - SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM - DISP.

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

- A. Med heimel i jordlova §12 (lov 1995-05-12-23, sist endra 01.07.2013) vert det gjeve samtykke til frådelling av tomt med påståande hus som omsøkt.
- B. Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå delingsforbodet i LNF-område i kommuneplanen fordi omsynet bak delingsforbodet (fragmentering og nedbygging av dyrkbar mark) ikkje vert sett vesentleg til side og fordelane med dispensasjonen er større enn ulempene etter ei samla vurdering. Teknisk utval legg vekt på at den frådelt eigedommen ligg i eigedomsgrensa mot sør der det også ligg ein frådelt bustadeigedom allereie. Det er også lagt vesentleg vekt på omsynet til busetjinga på Flø.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/43 GNR. 9, BNR. 19, MARIANNE SOLØY - GARASJE SAMT TERRASSE - KLAGE PÅ VEDTAK OM PÅLEGG OG SØKNAD OM STØTTEMUR OG ENDRING AV AVKØYRSLE

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

- A. Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 godkjenner teknisk utval endringar av tidlegare gjeve løyve vedkomande linjeføring for mur langs grensa til gnr. 9, bnr. 19 mot Skogavegen og ny avkøyrsløysing for garasjen. Oppføring av trapp på eigedommen gnr. 9, bnr. 3 og murkant mot gnr. 9, bnr. 8 og bnr. 3 kan teknisk utval prinsippgodkjenne, men set krav om at detaljerte teikningar vert innleverte før det blir fatta administrativ endeleg godkjenning for denne. Teknisk utval føreset at murkant mot gnr. 9, bnr. 8 og bnr. 3, og trapp vert senka i høve til slik dette såg ut ved utvalet si synfaring i dag.
- B. Grunngjeving for godkjenning av endringsøknaden på desse punkta er at

1. Skogavegen er ein privat veg av heller dårleg standard. Når det gjeld linjeføringa for murkanten langs Skogavegen, blir ikkje vegen vanskelegare å køyre som følge av tiltaket.
 2. Det ligg føre fråsegn frå grunneigar av gnr. 9, bnr. 3, Olav Hofseth (fullmakt), om at han ikkje har noko mot at trappa vert bygd på hans eigedom. Kommunen finn ikkje å kunne gå prinsipielt imot dette. Ved detaljprosjektering kan søkjar og kommunen ivareta innkomen merknad vedkomande sykkeltransport forbi trappa.
- C. Godkjenninga er gjort på følgjande vilkår:
1. Det må takast omsyn til vassleidninga langs Skogavegen og stikkleidning til gnr. 9, bnr. 6 og 8.
 2. Trappa skal utførast på ein fagleg god måte (etter preaksepterte løysingar) for trapp i uteområde, og detaljar på materialval og dimensjonering skal leggst fram og godkjennast av administrasjonen på teknisk etat før utføring. Estetisk utforming skal vektleggast.
- D. Støttemur i eigedomsgrense mot gnr. 9, bnr. 6 og bnr. 3, kan ikkje godkjennast før det ligg føre uavhengig kontroll av både prosjektering og utføring. Drenering skal vere ein del av uavhengig kontroll. Det skal søkjast ansvarsrett for kontrollforetak, og ansvarsretten skal vere godkjent av kommunen før kontroll vert påstarta. Frist for gjennomføring av uavhengig kontroll vert sett til 01.07.2015. Grunnen til dette kravet er at konsekvensane ved svikt i muren kan bli uforsvarleg store. Endeleg godkjenning av støttemuren vert å handsame administrativt i etterkant av utført kontroll.
- E. Merknadane frå Ann-Kristin Hatløy Fiskaa og Hans Børre Fiskaa (eigarar av gnr. 9, bnr. 6), og Svein-Erik Hansen (eigar av gnr. 9, bnr. 8) vedkomande trapp og støttemur mot egne eigedomar vert såleis delvis imøtekomne. For støttemur mellom gnr. 9, bnr. 19 og bnr. 6, er merknad ivareteke ved at det er pålagt krav om uavhengig kontroll for å få dokumentert tryggleiken før endeleg løyve kan gjevast.

Handsaming:

Nytt dokument i saka sendt ut på e-post/lagt fram i møtet:

Skriv frå Svein-Erik Hansen dat. 29.04.2015, innregistrert 06.05.2015, l.nr. 4884/15.

Endra tilråding frå kommunalsjef teknisk etter synfaring:

- A. Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 godkjenner teknisk utval endringar av tidlegare gjeve løyve vedkomande linjeføring for mur langs grensa til gnr. 9, bnr. 19 mot Skogavegen og ny avkøyrsløysing for garasjen. Oppføring av trapp på eigedomen gnr. 9, bnr. 3 og murkant mot gnr. 9, bnr. 8 og bnr. 3 kan teknisk utval prinsippgodkjenne, men set krav om at detaljerte teikningar vert innleverte før det blir fatta administrativ endeleg godkjenning for denne. Teknisk utval føreset at murkant mot gnr. 9, bnr. 8 og bnr. 3, og trapp vert senka i høve til slik dette såg ut ved utvalet si synfaring i dag.
- B. Grunngeving for godkjenning av endringsøknaden på desse punkta er at
1. Skogavegen er ein privat veg av heller dårleg standard. Når det gjeld linjeføringa for murkanten langs Skogavegen, blir ikkje vegen vanskelegare å køyre som følge av tiltaket.
 2. Det ligg føre fråsegn frå grunneigar av gnr. 9, bnr. 3, Olav Hofseth (fullmakt), om at han ikkje har noko mot at trappa vert bygd på hans eigedom. Kommunen finn ikkje å kunne gå prinsipielt imot dette. Ved detaljprosjektering kan søkjar og

kommunen ivareta innkomen merknad vedkomande sykkeltransport forbi trappa.

- C. Godkjenninga er gjort på følgjande vilkår:
1. Det må takast omsyn til vassleidninga langs Skogavegen og stikkleidning til gnr. 9, bnr. 6 og 8.
 2. Trappa skal utførast på ein fagleg god måte (etter preaksepterte løysingar) for trapp i uteområde, og detaljar på materialval og dimensjonering skal leggst fram og godkjennast av administrasjonen på teknisk etat før utføring. Estetisk utforming skal vektleggast.
- D. Støttemur i eigedomsgrense mot gnr. 9, bnr. 6 og bnr. 3, kan ikkje godkjennast før det ligg føre uavhengig kontroll av både prosjektering og utføring. Drenering skal vere ein del av uavhengig kontroll. Det skal søkjast ansvarsrett for kontrollforetak, og ansvarsretten skal vere godkjent av kommunen før kontroll vert påstarta. Frist for gjennomføring av uavhengig kontroll vert sett til 01.07.2015. Grunnen til dette kravet er at konsekvensane ved svikt i muren kan bli uforsvarleg store. Endeleg godkjenning av støttemuren vert å handsame administrativt i etterkant av utført kontroll.
- E. Merknadane frå Ann-Kristin Hatløy Fiskaa og Hans Børre Fiskaa (eigarar av gnr. 9, bnr. 6), og Svein-Erik Hansen (eigar av gnr. 9, bnr. 8) vedkomande trapp og støttemur mot egne eigedomar vert såleis delvis imøtekomne. For støttemur mellom gnr. 9, bnr. 19 og bnr. 6, er merknad ivareteke ved at det er pålagt krav om uavhengig kontroll for å få dokumentert tryggleiken før endeleg løyve kan gjevast.

Røysting:

Endra tilråding frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/44 GNR. 9, BNR. 19 - GARASJE SAMT TERRASSE - KLAGE PÅ VEDTAK

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Med heimel i forvaltningslova §33, 2. ledd, opphevar teknisk utval vedtak DS 15/87 – Pålegg om retting av støttemurar og trafikkareal datert 05.03.2015. Dette vert grunngeve med at det er gjort vedtak om endring av byggeløyvet for tiltaket, og at grunnlaget for pålegget dermed er falt bort.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/45 GNR. 11, BNR. 13- KNUT HOLSTAD - TILBYGG HYTTE, DISPENSASJON INNLAGT VATN OG SIRKEL

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

- A. Med heimel i §19-2 i pbl vert det gjeve dispensasjon frå kravet om plassering av hytta innanfor sirkel, jf. §2.1. i føresegner til reguleringsplan Fjelle-Løset, planid. 19850001. Dispensasjon kan gjevast fordi omsynet bak føresegna om plassering av hytter ikkje vert vesentleg sett til side og fordi fordelane med dispensasjonen er større enn ulempene. I dette er det lagt til grunn at omsynet bak føresegna er å få ein god struktur på hytteplasseringane og bestemme kor mange hytter som skal vere på dei ulike eigedomane. Vidare er det lagt

vekt på at plassering som omsøkt vil gje mindre behov for terrenginngrep og betre romløyning for hytta enn om ein skulle presse søkjar til å bygge innanfor sirkelen.

- B. Med heimel i §19-2 i pbl vert det også gjeve dispensasjon frå forbodet mot innlagt vatn jf. brev frå fylkesmannen datert 25.03.1985. Forbodet er sett for å verne Fjellsvatnet mot forureining. Omsynet bak kravet vert ikkje sett vesentleg til side fordi omsøkt avløpsløyning er vurdert som tilstrekkeleg til at krav i lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg i Ulstein, vert oppfylt. Fordelane med innlagt vatn er større enn ulempene som følgjer av dispensasjonen i form av mogleg framtidig forureining.
- C. Det vert sett som vilkår for dispensasjonen at leverandør av avløpsanlegget stadfestar at dette tilfredstiller krava i §7 i lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn, og at kommunen når som helst skal kunne føre tilsyn med avløpsløyninga.
- D. Konkret handsaming av byggesøknaden vert gjort administrativt.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/46 GNR. 7, BNR. 144 - EVALDAS STANEVICIUS - PÅBYGG EKSTRA ETASJE, INNGANG OG TERRASSE - NY HANDSAMING

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Teknisk utval gir dispensasjon frå byggehøgde og etasjetal for eigedomen gnr. 7, bnr. 144, med følgjande grunngjeving:

Teknisk utval har vurdert søknaden om dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplan Reiten, planid. 19800001, mot vilkåra i pbl §19-2. Utvalet finn at omsynet bak føresegna om byggehøgde og etasjetal ikkje vert vesentleg tilsidesett om også dette huset får høve til å bygge som omsøkt fordi dei fleste andre bygg i husrekka har same byggehøgde og etasjetal.

Fordelane med dispensasjonen er større enn ulempene fordi det er eit klart politisk ønske om å utnytte tomtene i sentrum meir effektivt. Påbygget vil ta noko utsikt frå enkelte av husværa i Reiten Sameige, men ei endring av byggehøgda på 1,0 meter i eit område med mange andre store bygg, vert ikkje i denne konkrete saka vurdert som ei stor ulempe for Reiten Sameige som ligg om lag 15 meter unna. Teknisk utval viser også til at sol, lys og utsikt vert påverka av tyngre bygningsmasse sør for Sjøgata, og at den omsøkte bygningshøgda i relasjon til dette i liten grad gjev negative konsekvensar for naboane.

Søknaden om verandatilbygg mot vest, kan handsamast administrativt om søkjar ønskjer å gå vidare med dette.

Handsaming:

Tilråding frå kommunalsjef teknisk:

Teknisk utval har vurdert søknaden om dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplan Reiten, planid. 19800001, mot vilkåra i pbl §19-2. Utvalet finn at omsynet bak føresegna om byggehøgde og etasjetal ikkje vert vesentleg til sidesett om også eigaren av dette huset får høve til å bygge som omsøkt.

Utvalet vurderer likevel fordelane for dei som søker om dispensasjon til å ikkje vere klart større enn ulempene for dei som har merknad med tanke på sol, lys og utsikt. Dermed kan ikkje dispensasjonssøknaden imøtekomast.

Søknaden for verandatilbygg mot vest kan handsamast administrativt om søkjar ønskjer å gå vidare med dette.

Framlegg frå Magne Gurskevik:

Teknisk utval gir dispensasjon frå byggehøgde og etasjetal for eigedomen gnr. 7, bnr. 144, med følgjande grunngjeving:

Teknisk utval har vurdert søknaden om dispensasjon frå reguleringsføresegnene til reguleringsplan Reiten, planid. 19800001, mot vilkåra i pbl §19-2. Utvalet finn at omsynet bak føresegna om byggehøgde og etasjetal ikkje vert vesentleg tilsidesett om også dette huset får høve til å bygge som omsøkt fordi dei fleste andre bygg i husrekka har same byggehøgde og etasjetal.

Fordelane med dispensasjonen er større enn ulempene fordi det er eit klart politisk ønske om å utnytte tomtene i sentrum meir effektivt. Påbygget vil ta noko utsikt frå enkelte av husværa i Reiten Sameige, men ei endring av byggehøgda på 1,0 meter i eit område med mange andre store bygg, vert ikkje i denne konkrete saka vurdert som ei stor ulempe for Reiten Sameige som ligg om lag 15 meter unna. Teknisk utval viser også til at sol, lys og utsikt vert påverka av tyngre bygningsmasse sør for Sjøgata, og at den omsøkte bygningshøgda i relasjon til dette i liten grad gjev negative konsekvensar for naboane.

Søknaden om verandatilbygg mot vest, kan handsamast administrativt om søkjar ønskjer å gå vidare med dette.

Røysting:

1. Framlegget frå Magne Gurskevik vart vedteke med 4 mot 2 røyster.
2. Tiltrådinga frå kommunalsjef teknisk fekk 2 røyster og fall.

PS 15/47 MINDRE ENDRING AV REGULERINGSPLAN - HADDAL INDUSTRIOMRÅDE

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

I medhald av §12-14 i pbl og delegasjonsreglement for Ulstein kommune, vedteke av Ulstein kommunestyre 20.09.2012, godkjenner teknisk utval omsøkte mindre endring av reguleringsplanen for Haddal Industriområde, planId 20040005 som vist på plankart datert 20.01.2015. Endringa inneber ei utviding av byggearealet i nordvestre del av industriområdet for plassering av ny kai, og medfører vidare ei endring av formålsgrensa mellom områda for fortøyning og trafikk i sjø tilknytt industriområdet og hamneområdet i sjø.

Handsaming:

Tiltrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/48 DETALJREGULERING VOLLANE. VEDRØRANDE ARKEOLOGISK REGISTRERING

Vedtak i Teknisk utval, 13.05.2015:

Teknisk utval ber om at administrasjonen går i dialog med kulturavdelinga hjå Møre og Romsdal fylkeskommunen med tanke på kravet om arkeologisk utgraving for detaljregulering Vollane.

Handsaming:

Tilråding frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/49 FORSKRIFT OM RETT TIL Å FØRE TILSYN MED BYGG, OMRÅDE M.M. I ULSTEIN KOMMUNE

Tilråding frå Teknisk utval, 13.05.2015:

Ulstein kommunestyre godkjenner forskrift om rett til å føre tilsyn med bygg, område m.m. i Ulstein kommune. Forskrifta vert gjeldande frå vedtaksdato.

Handsaming:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/50 INNSPEL TIL ARBEIDET MED NASJONAL TRANSPORTPLAN 2018 - 2027

Tilråding frå Teknisk utval, 13.05.2015:

Ulstein kommune gjev desse innspela til Sunnmøre Regionråd vedkomande Statens vegvesens arbeid med Nasjonal transportplan:

1. Fastlandssambandet Hafast er det viktigaste einskildprosjektet for Sunnmøre i komande transportplanperiode. Det er viktig å snarast mogeleg få avklara landfeste for sambandet på Hareidlandet slik at vidare trasé for E-39 med tilførsleveggar kan fastleggjast. Ulstein kommune vil vere ein sentral aktør i dei føreståande planprosessane for vegtraséar.
2. Fylkesveg 61 har relativt stor trafikk på mange delstrekningar, og er ein så viktig veg for kommunane langs kysten på strekninga Ålesund – Florø at den bør oppgraderast til riksveg. Ulstein kommune vil nytte høvet til å igjen poengtere at realisering av Rovdefjordbrua på fv. 61 er viktig for samferdsla og utviklinga i heile regionen.
3. Det er viktig for regionen at det vert oppretthalde god frekvens på ferjestrekninga Volda – Folkestad.
4. Med etableringa av bussterminalen ved Garneskrysset, ligg der til rette for betra bussamband i regionen. Det må arbeidast for å betre rutetilbodet gjennom auka frekvens, minimal ventetid og tilpassa materiell. Tilkoplinga frå Ytre Søre Sunnmøre til «Timeekspressen» må betrast både mot Furene og Ålesund / Moa. Ideelt sett burde der vore eit fast busstilbod med timesfrekvens frå Fosnavåg til Moa via ferja Hareid – Sulesund.
5. Med vising til miljø-, trafikktryggleik- og folkehelseutfordringane samfunnet står overfor, er det viktig at det frå staten si side vert løyvd midlar til ei vesentleg auka satsing på gang- og sykkelveggar.

6. Ulstein kommune vil peike på problema som gjer seg gjeldande på ferjestrekninga Hareid – Sulesund og føreset at frekvens, kapasitet og regularitet vert monaleg betra med det aller første.

Handsaming:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

PS 15/51 EVALUERING AV POLITISKE REGLEMENT

Uttale frå Teknisk utval, 13.05.2015:

Teknisk utval har ingen merknader til reglementa og sluttar seg til tilrådinga frå ordføraren.

Handsaming:

Framlegg frå teknisk utval:

Teknisk utval har ingen merknader til reglementa og sluttar seg til tilrådinga frå ordføraren.

Røysting:

Framlegget frå teknisk utval vart vedteke med 6 mot 0 røyster.

PS 15/52 ÅRSRAPPORT 2014

Uttale frå Teknisk utval, 13.05.2015:

Årsrapport for 2014 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 6 mot 0 røyster.

-----o-----

Link vert sendt til:

1. Teknisk utval
2. Rådmannen
3. Kommunalsjef teknisk
4. Servicetorget
5. Kommunerevisjonen
6. Vest Kontroll v/Jostein Støylen
7. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Politisk sekretariat, 13.05.2015

Björg Haugland
sekretær